

«Arvids historie»

På kveldens møte var det Arvid Sundli sin tur til å presentere si historie. Og for ei historie! Med aner frå Trøndelag og Finnmark møttest foreldrene i Brattvåg der dei etterkvart slo seg ned på Kvithaugen. Der vaks Arvid opp i lag med to brør og ei søster. Han er i dag gift med Edel og har tre barn.



Arvid vart tidleg kjent med arbeidslivet både på land og til sjøs og etter fagbrev som rørleggar hos J. Johansen, vart det sivilingeniørstudier i Trondheim. Etter kvart kom han til Aker Brattvaag der han etter nokre år fekk tilbod om å leie oppbygginga av eit splitter nytt verft i Vietnam. Arvid tok med seg familien og reiste dit og fullførte det spennande, men også svært krevjande oppdraget. Så vart det ein liknande jobb i Brasil, men denne gongen basert på pendlertilvære. Han hadde også eit lengre opphald ved Vard-verftet i Tulcea, Romania. I seinare tid vart det ulike jobbar til han i 2019 fekk tilbod som dagleg leiar for Bra Elektro og Brattvaag Group AS, noko han sjølv sagt takka ja til og der han framleis er.